



Åse Seim Nesse
Seimsstranda 456
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3786 - 15/37505

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2015

Gbnr176/2 Spurkeland. Vidare handsaming av søknad.

Brev frå dykk som syner plassering av ny bustad på eventuelt frådelt tomt er motteke i kommunen. Saka har vore diskutert mellom byggesaksavdeling og planavdeling.

Administrasjonen ynskjer no å legge saka fram for politisk handsaming. Saka vert då lagd fram med negativ innstilling frå administrasjonen si side. Dette vert på møtet 17.februar 2016.

Saka har ikkje vore på høyring hjå overordna mynde. Dersom politikarane er positive til tiltaket, kan det vere saka også må sendast til fylkesmannen for at dei skal vurdere om dei vil klage på den politiske avgjerda. Det vil såleis ta noko tid før saka er endeleg avgjort.

Kommunen seier seg lei for at de har vorte leia til å tru at saka var avgjort med positivt utfall.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Åse Seim Nesse

Seimsstranda 456 5912

SEIM